

Styremøte 13.juni - 23

kl.19 på biblioteket

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Petra, Mette Marie, Anne, Nelly, Sunneva

- Sak 42/-23 Referat og meldingar
* Sal av 13 seterbøker - 300kr pr stk - på konferanse på Martin Linge-huset
Oppsummering av arbeidstimane til VBK på same konferansen v/Bjørg.
Petra sender rekning.
- Sak 43/-23 Søknad Foreldre-gruppe/Barnehagen
Dei har sendt fleire søknader for å kjøpe inn større vogner
slik at borna kan vere meir ute i naturen.
Vedtak: VBK løyver 2000 kr. Solveig sender svar.
- Sak 44/-23 OL Sok
Bjørg orienterte, ho har møtt på førebuingsmøte.
Fredag 28.juli arbeider VBK og Helselaget med å lage jordbærsylte og
vaffelrøre.
Vakter blir oppsett og utsendt.
Laurdag 29. juli blir det sal frå 3 boder, ektemenn er tidleg på plass og og
riggar til.
Sal kl. 11 - 17. Eit medlem leverer nysteikte vafler heimanfrå kl. 11.
Eit medlem leverer inn vafler kl. 14.
Salsperioden blir delt i 2 økter. Vakter blir oppsett og utsendt.
Ikkjemedlemer kan også stille som vakter.
VBK leiger ein stand, deler med ein annan, til sal av bøker og bilde.
Det blir loddsal på kaia, VBK leverer 7 gevinstar.
Bjørg lagar vaktliste og sender ut skriv om ol sok.
- Sak 45/-23 SUPERSOMMAR
Dato 14.15.16. august. Kjøkkenaktivitetar for skuleelevar.
Her stiller medlemer og nokre ikkjemedlemmer opp som hjelparar.
Solveig lagar vaktliste og sender ut skriv om Supersommar.
- Sak 46/-23 Seterbøker
Vedtak om å tilby seterbøker til kvart rom på Juvet, Sylte hotell, Fjordhotellelet,
Fjellro, Petrines og Kilsti.
- Sak 47/-23 Jubileumsboka «Skapande kraft»
Vedtak: Randi Flø får utbetalt kr 10000 for arbeidet med boka
- Sak 48/-23 Eventuelt
* DISTRIKRSAMLING laurdag 2.sept. på Hellesylt.
Dagsopplegg med lunsj og middag kostar kr. 700.
Frist 10.aug. for påmelding til 1 dag utan overnatting.
VBK sponsrar 400kr pr person, gjeld også ikkjemedlemer som blir inviterte
med.
Vi prøver å verve nye medlemer.
* Julekalender frå M\$R - VBK gir 2 gåvekort til gevinst.
* Matfestival 24. 25. 26 aug. Ørskog bygdekvinnelag deltek, VBK deltek ikkje.

* SOMMARAVSLUTNING tysdag 20. juni avgang kl. 17 frå kaia.
Tur til Vinsneset, plattforma Iver Heggen, 3 timer med mat og guiding på
flåten.

Pris kr 250 ved påmelding av 15 personar.
Ikkjemedlemer som hjelper til på arrangement blir inviterte med.

Sunneva Linge skrivar